



Retningslinjer for medarbeidarar i barne- og ungdomsarbeid

-kyrkjelydane i Bryne, Time, Lye og Undheim-



DEN NORSKE KYRKJA



Velkommen som medarbeidar i ei stor og rik teneste! Saman vil vi byggje trygge og gode fellesskap og legge til rette for gode møtestader mellom Gud og menneske.

Vi legg vinn på dette:

- Kyrkja skal vera ein trygg stad å vere. Som medarbeidarar har vi del i ansvaret for å skape eit godt og inkluderande miljø med gode, trygge rammer for alle. Vi vil sjå kvar einskild.
- Som leiar er ein førebilete og rollemodell. Handlingar og haldningar kan ha større påverknad på andre enn ein er klar over.
- Bruk nettvett. Sosiale media er viktig infokanal, men må brukast med omtanke i ein leiar-deltakarrelasjon. Ein må tenkje over kva ein deler og kva haldningar ein formidlar.
- For å unngå å kome i uønska situasjonar, må føresette spørjast om lov til at deira barn/unge kan
 - sitje på i privatbil.
 - vere på bilete som publiserast på internett og i trykksaker.
 - delta i aktivitetar med ulik grad av risiko, t.d. bading (sjølvsgagt med badevakt til stade), sykling, vera ute i kano/båt (alltid med redningsvest), rappellering osv.Ei slik godkjenning må vera skriftleg.

- Alle medarbeidarar forpliktar seg til å teie om personlege og private forhold ein får kjennskap til i tenesta.

Unntak frå teieplikten:

- Einkvar har plikt til å avverge ei straffbar handling ved anmelding eller på annan måte (jmf. Straffeloven §196)
- Ved seksuelle krenkingar, sjå «Førebygging og handtering av seksuelle krenkingar». Dokumentet ligg på www.timekyrkjene.no.

- Om ein i tenesta får kjennskap til alvorlege forhold i våre samanhenger, skal ein melde frå til hovudleiar eller beredskapsteamet (dagleg leiar, soknerådsleiar eller prest). Ein skal ikkje løyse problem ein ikkje har kompetanse for eller opplæring i å handtere.
- Får ein kjennskap til alvorlege forhold som skjer utanfor våre samanhenger, har ein avvergingsplikt og meldeplikt (jmf. Straffeloven §196). Trengs det støtte og vegleiing i korleis handtere saka, kan saka drøftast med hovudleiar eller beredskapsteamet (dagleg leiar, soknerådsleiar eller prest).
- Medarbeidarar over 15 år som har oppgåver eller ansvar overfor mindreårige, skal levere barneomsorgsattest/politiattest etter gjeldande retningslinjer.
- Ein må i størst mogleg grad unngå situasjonar der 1 leiar er åleine med 1 deltakar.
- Ein til ein – samtalar skal skje i opne fellesrom, ikkje bak lukka dører. Så langt det er mogleg skal slike samtalar ikkje føregå etter kl. 23.00 om kvelden.
- Ingen i våre samanhenger skal oppleva uønska seksuell åtferd eller uønska seksuell merksemd verken frå leiarar eller deltakarar. Ein må vera merksam på at fysisk kontakt kan opplevast ulikt. Særs varsam må ein vera i møte med barn/ungdom som ikkje har utvikla gode grenser rundt seg sjølv. Det er leiaren sitt ansvar å ta i vare desse grensene for barnet.



- Kjæresteforhold mellom leiar/medarbeidar og deltakar kan koma i konflikt med leiarrolla. Skulle det oppstå, bør leiaroppgåvene omfordelast i samråd med hovudleiar.
- Retningslinjer ved arrangement med overnatting:
I tillegg til alle punkta over, gjeld desse reglane ved overnatting:
 - Det skal alltid vera minst to vaksne til stades. Dersom deltakarane er både jenter og gutar, skal det vera minst ein kvinneleg og ein mannleg leiar. Viss ingen av desse er tilsette i arbeid med barn og ungdom i Time kyrkjelege fellesråd, må minst ein av vaksenleiarane vera over 25 år.- Jenter og gutar søv anten kvar for seg eller i opne fellesareal (idrettshall, kyrkjerom el.l.)
 - Der overnatting skjer på eigne gute- og jenterom, ivaretar leiarar eigne kjønn når det gjeld nattero. Barn og unge skal ikkje oppleva å få «god natt»-besøk eller tidlege morgonbesøk av motsatt kjønn.
 - For kvart arrangement må det vurderast om det skal vera vaken nattevakt, ut frå type arrangement, antal deltakarar og alder på deltakarane.

Viser også til dokumentet «Førebygging og handtering av seksuelle krenkingar» vedtatt i TKF 31.05.2022. Denne finn du på timekyrkjene.no.

Noko du lurar på? Snakk med hovudleiar!